

## ÅRSRAPPORT FOGN KYRKJE 2023



**Ansvarskomiteen:** Medlem og vara: Wenche Runestad, Eli Runestad, Magnar Sandanger, Oddbjørg Maaland, Inger Marie Egeland, Jostein Østhush, Dag Olav Sæbøvåg og Heidi Bø Sangedal. Jostein har leia møtene og Dag har vore møtesekretær.

Komiteen har hatt 6 møter. Fogn kyrkje har hatt 16 ordinære gudstenester, inkludert dei to utegudstenestene. Det var friluftsgudsteneste i Eidsvåg og på Byre. I snitt er det 64 personar på gudstenestene. I tillegg til våre eigne sokneprestar Ola Aasland Vold og Terje Engstrøm har Svein Nybø, Tor Egil Eriksen, Olav Kristian Tangeland, Allain Fassotte og Gunther Theiss vikariert som prestar.





Messing har spelt på utegudstenesten i Eidsvåg og på Byre spelte fam Mossige v/Arne, Ingrid, Anna og Steinar piano og blåseinstrument. På Byre var også Chatrine Hovland og John Christer Vesttun med.

Ved behov for organistvikar grunna ferie eller dobbelbooking har Geir Eskeland og Jon Håkon Østhuis vikariert.

Me har hatt eit onsdagsmøte i kyrkja. Det var ved Øyvind Lundh og samla om lag 20 personar.

Me hadde ein bønn – og lovsangskveld med lovsongsteam frå IMI og Daniel Heimstad til å tale. Dette samla om lag 70 personar, blant desse også mange unge.



Det var i januar og februar to kulturkveldar i kyrkja. Den eine var knytta til eit foredrag ved Jone Laugaland om «Mestertyven Palmer Holm». Den andre var ein Ukrainakveld med foredrag v/Øyvind Nordsletten og musikalsk underhaldning. Det var bussar frå Ingvars reiser med og desse fekk først middag og etter arrangementet fekk alle kaffi og kake. Desse to arrangementene samle totalt 325 personar. Etter arrangementene blei det sendt heile 40 000,- til hjelpearbeid i Ukraina.

Sarepta har hatt eit møte i kyrkja og ungdomslaget hadde ei samling i kyrkjekjellaren lille julafesta.

Før jul hadde me ein julekonsert med 8 eren v/dirigent Per Sigmund Rettedal og Kjellaug og Åge Bognø. Det var ein stemningsfull kveld med god kveldsmat etterpå.



Me syng jula inn er blitt ein fin tradisjon på Fogn, kvelden samlar mange og me har mange dyktige songerar både barnekorguppe, mannskor og solistar. Eit husband og Messing spelte til sangane. Flott høgdepunkt i år med Simon Folkvord på saksofon og Kåre Andreas Folkvord på piano.



Basaren var i år 28. okt. Det kom inn kr 37 300,- Pengene gjekk til misjonsprosjektet til Talgje sokn og til innkjøp av ny flatskerm i kyrkjekjellaren. Dag Olav Sæbøvåg heldt andakt, Line Roland hadde apell frå Ecuador og TøfFOGNådig song og ca 120 personar kom.



I samband med jul var det både julevandring med barnehagen og skulegudsteneste. Ingvild Angelskår Møen som er diakonmedarbeidar har hatt samling med dei yngste knytta til hausifikasjonsfesten.





60 års konfirmantar



Bibeldagen



Lys Vaken



Kyrkjekaffi

Stavanger krk fellesråd har i år installert i ny kjøle på bårerommet. Kyrkja har i år fått dei lokale bildene frå Fogn som Kåre Holm har laga. Desse er tenkt at kan henge enten oppe i

den bakre salen eller nede i kjellaren. Det er sendt ein søknad til bispedømet om å få bruke bilder opp i den bakre salen. Me har søkt om å få bruke både dei bildene som allereie heng nede og dei nye som me har fått.

Me har ei liste med frivillige som vaskar i kjellaren ved behov. Ute hadde me ein dugnad på våren for å klargjere bed og gravplass. Me hadde og ein dugnad inne kor vindu blei vaska og kjøkkenet nedvaska.

Ansvarskomiteen har ein eigen avdeling i rekneskapet til Talgje sokn. Desse pengane bruker til investeringar lokalt til det me treng i kyrkja vår, mest i kyrkjekjellaren og ute. I år kjøpte me inn ein flatskjerm til kjellaren. Inntektskilder er basaren og torsdagscafeen. Utgifter til kyrkjekaffi dekkes av Talgje sokneråd sin generelle konto. Til denne kontoen går også ofringar til eigen kyrkjelyd. Innsamla midler til kyrkjelyden nyttas elles til konfirmantarbeidet, dåpsmateriell og Bibel ved vigsel med meir. Når det gjeld straumutgifter og utgifter til vasking, lyspærer med meir er det dekka av Stavanger kyrklege fellesråd.

#### AKTIVITETER:

**TøffFOGNådig:** Leiarar: Kjersti Sandanger, Anne S Østhush og Dag Olav Sæbøvåg. Det er ca 7 – 10 ungar frå 1. – 7. klasse som deltek. Koret har hatt 16 øvingar. Dei har sunge på basarkveld i kyrkja, basar på bedehuset, hausttakkefesten og Me syng jula inn.



**Hobby og tru:** Leiarar har vore foreldre og Heidi Bø Sangedal. Me har bibelforteljing og bakeaktivitet. Dette samlar mellom 5 – 15 barn frå 1. klasse og nedover. Me har hatt 12 samlingar.



**Kveldsmøter:** Møte v/Øyvind Lundh. Bønn – og lovsangsmøte v/ Daniel Heimstad og lovsongsteam frå IMI. krefter. Samtalekveldar om kva fokus me vil ha framover ut i frå heftet Fri & Villig, om lag 15 personar var med på dette.



**Prosjektkor:** Før jul hadde Wictor Juul regi og ansvar for å eit mannskor som øvde til Me syng jula inn. Dag Olav Sæbøvåg har hatt ansvar for eit kor som har sunge inn nokre sangar av Svein Ellingsen.

**Torsdagscafe`:** Me har gjennom året hatt åpent i kyrkjekjellaren kl 11 – 14 kvar torsdag. Her er det kaffi og vafler. Det er ca 7 – 25 personar som er innom cafeen. Antalet varierer for kvar gong. Dette året har me av og til invitert inn folk til å halde eit lite foredrag/kåseri.

Øystein Sandanger og Sverre Jan Reilstad har vore med. Me har og hatt besøk av elevar frå Bildøy bibelskule. St. Petri og domkyrkja sine pensjonistar var på tur til Fogn i vår. Siste gong før jul hadde me Malvin Sandanger og Oskar Runestad med til å spele trekkspel til nokre julesongar etter at me hadde hatt julegrøt med mandel. Det er fleire frivillige som deler på å steike vafler og ha ansvar gjennom året. Ca kl 1215 har me ei felles samling kor me les ein andakt frå ei bok. Oppe i kyrkjerommet er det anledning til å tenne lys og ha ei stille stund for dei som ønsker dette.



**Språkcafe`**: Nytt tiltak frå hausten av i lag med Frivilligsentralen og helselaget. Annankvar torsdag kl 18 – 20 Fleire nasjonalitetar har vore innom og det har vore frå 5 til 25 på det meste. Opplegget er ein runde kor alle får snakka litt om seg sjølv om noko dei har gjort etc. Det er kaffi og litt mat, så er det speling av ymse slag eller tema som blir omsnakka. Det har vore både born, unge og voksne på samlingane. Ingvild Angelskår Moen og Ragnhild Valand har vore med enkelte gonger.

**Symaskin i kyrkja:** Nytt tiltak frå og med ca november. Samarbeid mellom kyrkja og husflidslaget. Folk kan komme å få hjelp til å sy om/reparere plagg eller lage noko nytt av gamle plagg. Dette oppfordrar til gjenbruk og redesign og er på denne måten eit miljøtiltak. Eli Runestad er rettleiar.

**Konfirmantjubileum:** Hadde besøk av 60 årskonfirmantar i augustgudstenesten. Har ikkje arrangert eige jubileum.

**Frivillige:**

I tillegg til leierar og dei som er nevnte over her har me og andre som bidreg med frivillig teneste.

**Kyrkjekaffi:** Me har 12 personar som står på ei liste for kyrkjekaffi. Folk set pris på kaffi og drøs.

**Vaskedugnad:** Det er 11 personar som vaskar kyrkjekjellaren på dugnad.

**Tekstleserar:** Me har ei liste på 7 stk som les teksten i gudstenesten. Dette gjere også barn og konfirmantar.

**PR/markedsføring:** Fogn kyrkje har eiga side på facebook kor me legg ut arrangement.

**Pynting til gudstenester:** Me har 3 frivillige som deler på å pynte alteret til gudstenestene.

**Lyd og lys:** Bjørn Runestad er vår mann på dette området og det er fantastisk å ha så god kompetanse lokalt. Til Me syng jula inn var Lars Magne Grødem og Øyvind Sandanger lydansvarlege.

**Friluftsgudsteneste på Byre:** Ein lokal gjeng beståande av Arne Sigurd Mossige, Kari Velve Byre, Jon Olav Runestad, Ottar Sandanger, Jostein Østhush og Heidi Bø Sangedal hadde hand om planlegging og tilrettelegging. I tillegg stiller fleire med kaker. Bjørn Runestad hadde lydansvar og det er veldig hjelp i det, Tor Egil Eriksen stiller som prest i ferien sin.

Tusen takk til alle som gjere teneste i kyrkja. Takk til Talgje sokneråd for inspirasjon til teneste og aktiviteter i 2023. Takk til prestar og stab som bidrar til gode gudstenester som gir oss ny kraft og mot til videre teneste. Takk til alle som kjem og saman er med å skape eit godt fellesskap i kyrkja.

Me ser fram til komande år og ønsker Guds velsigning over arbeidet vårt og folket på Fogn.

